



Lotterinemnda

Vedtak i Lotterinemnda 7. mai 2019

Sak

2019/0027 Ålfoten Grendahus – org. nr. 986 391 541 - klage over vedtak om avslag på søknad om meirverdiavgiftskompensasjon

Til stades: Leiar Elisabeth Wittemann, medlem Åse Gustavsen og medlem Ingjald Sørhøy

Bakgrunn for saka

Ålfoten Grendahus (klagar) søkte 31. august 2018 om meirverdiavgiftskompensasjon for rekneskapsåret 2017.

Lotteritilsynet gjorde vedtak om å avslå søknaden 17. september 2018, med grunngjeving at klagar ikkje var registrert i Frivilligregisteret innan fristen 1. september 2018.

Klaga klaga på vedtaket 17. september 2018. Klagar held fram at dei var seint ute med å sende inn registrering til Frivilligregisteret, og at prosessen med å bli godkjent tok lenger tid enn forventa. Klagar var ikkje merksam på at det var sakshandsamingstid i Frivilligregisteret. Vidare har klaga gjort greie for at organisasjonen har eit nyvalt styre og at dei nyleg vart gjort kjent med moglegheita til å søke om meirverdiavgiftskompensasjon. Det vises til klagen i sin heilhet.

Lotteritilsynet har ikkje funnet grunn til å gjere om vedtaket. Klagen med innstilling frå Lotteritilsynet 9. januar 2019 vart sendt til Lotterinemnda.

Det rettslege grunnlaget

Det rettslege grunnlaget for ordninga er forskrift 15. april 2013 nr. 386 om meirverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar, som er oppheva, men som gjaldt på søknadstidspunktet.

I forskrifta § 7 heiter det:

«For å kunne søke om og få utbetalt kompensasjon for kostnader til merverdiavgift på varer og tjenester må søker (sentralledd eller enkeltstående søker) være registrert i Frivillighetsregisteret. Søker må være registrert i Frivillighetsregisteret innen søknadsfristen 1. september og være registrert ved utbetalingstidspunktet».

Postadresse

Postboks 511 Sentrum
5805 Bergen

Besøksadresse

Zander Kaaes gate 7
5015 Bergen

Tlf.: 55 19 30 00

E-post: post@knse.no

Etter forvaltningslova § 34 kan klageinstansen prøve alle sider av saka og ta omsyn til nye opplysningar. Klageinstansen kan sjølv treffe nytt vedtak i saka eller oppheve det og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny behandling.

Lotterinemnda si vurdering

Ålfoten Grendahus si klage gjelder Lotteritilsynet sitt avslag 17. september 2018 på søknad om meirverdiavgiftskompensasjon.

Etter forskrifta § 7 andre ledd går det fram at søkar må være registrert i Frivilligregisteret innan 1. september. Ordlyden i forskrifta og praksis frå Lotterinemnda og Lotteritilsynet viser at det ikkje er tilstrekkeleg at klagar innan fristen har sendt søknad om registrering i registeret, det må ligg føre ei faktisk registrering. Sjå mellom anna Lotterinemnda sitt vedtak i sak 2018/016.

Det er søkar som har ansvar for at faktisk registrering ligg føre innan 1. september, slik det er stadfesta i tidlegare vedtak frå Lotteritilsynet og Lotterinemnda. Klagar vart registrert i Frivilligregisteret 11. september 2018, og oppfylte dermed ikkje vilkåra for å søke om eller få meirverdiavgiftskompensasjon ved søknadsfristen 1. september 2018.

Konklusjon

Lotterinemnda har, etter ei konkret vurdering av opplysningane i saka, stadfesta Lotteritilsynet sitt vedtak.

Vedtak

Klagen vert ikkje teken til fylgje.

Dokumentet er godkjent elektronisk